



Rapport - Den kulturelle spaserstokken 2013



**Os kommune
Hordaland**

RAPPORT

Den kulturelle spaserstokken i Os 2013

Os kommune mottok i 2012 ei løyving på kr 145000 til bruk i 2013.

Løyvinga var basert på søknad med prioriteringar 1- 5 som er gjort greie for i denne rapporten.
Prosjektrekneskap er eige vedlegg.

Vi forset å stimulera til at frivillige lag har arrangement for eldre med profesjonell kunst- og kultur. Vi har eit stort mangfald i kulturtilbod for eldre i kommunen og med mange samarbeidsparter skjer aktivitetane på mange arena. Aktivitetskoordinator planlegg og gjennomfører dei fleste arrangement . Midlar vart lyst ut og fleire lag fekk stønad til sine arrangement og turar med kultur av høg kvalitet.

| | |
|--------------------|---|
| Arrangement | Konsertar, museumsbesøk, song, lokal- og kulturhistorie, samfunn, Samtidsdans |
| Deltakarar totalt: | Kring 2000 personar deltok totalt |
| Hendingar totalt | 51 |
| Arena | Luranetunet, Eldresenteret, Gamleheimshagen Dagsenter, Oseana Kunst og kultursenter, Os frivilligsentral, Kyrkjelydstunet, Os Eldresenter . |
| Stader | Os, Austevoll, Bergen, Fjell, Nordhordland. |
| Samarbeidspartar | Nært samarbeid mellom Pleie og omsorg og Kultureininga, med Os Frivilligsentral og frivillige lag og foreiningar i kommunen, Oseana Kunst og Kulturhus og Os eldreråd |

1 LURANESLÅTTEN

Luraneslåtten er ei populær songstund og fast innslag annakvar torsdag under musikalsk leiing av Merethe Hovden. Det er i snitt 35-50 brukarar pluss pårørande tilsette og frivillige hjelparar. Det er kring 6 -7 faste hjelparar frå Os frivilligsentral. Song og rørsle med kjende songar der tekstar vert vist på storskjerm med vakre biletar frå Osbygda. Det er alltid kommentarar frå salen på dei vakre bileta. Fleire pårørande deltek også ofte på desse stundene. Luraneslåtten har ein innlagt pause som gjer det mogleg å helse på kvarandre. Luranetunet er ein viktig møteplass nummer ein og me seier alle «*Ser deg på Slåtten!*»!

2 INTIMKONSERTAR

Intimkonsertar på Luranetunet og Gamleheimshagen dagsenter med Den gode melodi, Gabriel Fliflet og Richard Burgess, Jimmy Næs, TrommeLars, Leif Åge Thormodsæter mfl.

Nytt i år: SAMTIDANS «Denne stunden» er et danseprosjekt for eldre på sjuke- og aldersheim. Prosjektet er laga av og med dansekunstnar Lisa Nøttsæter og er utvikla i samarbeid med Bergen Dansesenter, Søreide sykehjem og Den kulturelle spaserstokk i Os kommune. Ein-til-ein framføring der det er ynskjeleg eller på avdeling med palliative pasientar. Prøvestunder 3 dagar i august. Det var god tilbakemelding og prosjekt forset også i 2014



3 KULTURVISITT - artistar i Oseana Kunst og kultursenter kjem til Luranetunet

FONOS , blandakor i Os, blei starta i 2007. FONOS var det beste ein kunne ynskja til Luranetunet for å skapa adventstemning for alle.

I tillegg er det årvisss hending der Os Mannskor syng inn jula.

4 TRYGG I OS - temakonsert for heimebuande eldre



Os kommune arrangerte temakonsert 16. september i Oseana Kunst og Kultursenter. Målet var å formidla tenester og aktivitetar som kan vera med å skapa tryggleik hjå den enkelte innbyggjar. Frivillige lag hadde stand i foajeen og mangfaldet var stort.

Tema i 2013 var «Livslyst i alderdomen» med eit rikhaldig program: Os mannskor, Per Fimreite, Jimmy Øvredal, utdrag frå «Førstereis» med Helge Jordal. Enkel lunsj vart servert og Griegs kunstsamling var ope for gjestane.

5 NABOKONSERTAR, KULTURBUSS, TURAR I NÆROMRÅDA, TEATER

Midlar vart lyst ut og fleire lag fekk stønad: Os pensjonistforening tur til Nordhordland + foredrag med naturfotograf Helge Haukeland, Os senioruniversitet tur til Sotra og Fjell festning, Os Senior-Koinonia inviterte Frank Aarebrot foredrag om Grunnlova 200 år, Os Røde Kors Besøksteneste med arrangement i Gamleheimshagen dagsenter med Marian Guddal Hansen song/forteljar.

Hordaland teater hadde skuleforstilling om Ivar Aasen «Ein god dag kjem aldri for tidleg» på Oseana og fleire eldre heimebuande vart invitert med.

Os frivilligsentral om Kulturbuss til Austevoll for heimbuande eldre som inneheld omvising rundt på øyane og i Bekkjarvik med lokal guide, mat på kafé og i friluft. Gamleheimshagen dagsenter arrangerte eigen sommartur til Fløyen i Bergen med servering og sosialt



ARRANGEMENTSOVERSIKT Den kulturelle spaserstokken

| Arr.nr. | 2013 | Den kulturelle spaserstokken | Kulturuttrykk | Mottakar | deltakar |
|---------|---------------|---|---|--|-------------|
| 1-19 | Heile året | Luraneslätten, Gjester : Os kulturskule mm Sjekke dato | Musikk, song og rørsle x ca 35 brukarar pr gng | Luranetunet, Ca 20 samlingar gjennom året | 700 |
| 20 | 25. 1 | Duo Knut Magnus Bøen/ Hallgeir Fiskaaen | Klassisk Gitar og fløyte | Luranetunet, | 40 |
| 21 | 12.2 | Trommesirkel med Lars Kolstad | Musikk,rytme,delta aktivt i improvisering | Luranetunet, 2 avdelingar | 25 |
| 22 | 4. 3 | Gabriel Fliflet og Richard Burgess | Trekkspel, song og gitar | Luranetunet | 60 |
| 23 | 4.3 | Gabriel Fliflet og Richard Burgess | Trekkspel, song og gitar | Gamleheimshagen dagsenter | 20 |
| 24 | 12.3 | Skattar frå Fillehaugen, v/Annemor Sundbø | Strikkehistorie, kulturhistorie | Os frivilligentral, heimebuande | 26 |
| 25 | 13.3 | Skattar frå Fillehaugen, v/Annemor Sundbø | Strikkehistorie, kulturhistorie | Luranetunet Buavdelingar | 10 |
| 26 | 13.5 | Kulturbuss til Austevoll | Kyst- og lokalhistorie med guide | Heimebuande | 20 |
| 27 | 24.5 | Robin Colvill, piano | Musikk klassisk | Luranetunet kantina 24. mai | 40 |
| 28 | mai | Os blandakor | Musikk Korsong | Behandlingsavd | 30 |
| 29 | 28.5 | Os Kulturskule v/Kirkbridge og Lyssand | Kor1 og 2 | Pleie og miljøavd, | 20 |
| 30 | 20.6 | Jimmy Næs | Song ,trubadur, viser Sunnhordlandsdiktere | Behandlingsavd | 12 |
| 31 | 20.6 | Jimmy Næs | Song ,trubadur, viser Sunnhordlandsdiktere | Heimebuande, GHH dagsenter | 20 |
| 32 | 21.8 23.8 | DENNE STUNDEN med Lisa Nøttsæter | Samtidsdans | Buavd, PLM, BEH | 50 |
| 33 | 20.6 | Bytur til Fløyen | Reise, kultur | Gamleheimshagen | 22 |
| 34 | 22.8 | DENNE STUNDEN med Lisa Nøttsæter | Samtidsdans | Gamleheimshagen | 18 |
| 35 | 12.08 | Tur med Os Amcar Club | Biltur i nærmiljø | Møteplass i Gymnasvegen | 14 |
| 36 | 16.09 | Leif Åge Thormodsæter | Song, minnenes Melodi | Buavdeling , 2 etg | 20 |
| 37 | 16.09 | TRYGG I OS – temakonsert Oseana Kunst og kultursenter | Helge Jordal, Jimmy Øvredal, Os mannskor | Heimebuande eldre | 280 |
| 38 | 30.9 | Ein god dag kjem aldri for tidleg , Oseana | Hordaland Teater, skuleframsyning | Heimebuande, tilbod GYMNASVEGEN | 10 |
| 39 | 22.9 | Den gode melodi BAL MUSETTE | Song | Pleie og miljøavdeling | 25 |
| 40 | 22.9 | Den gode melodi BAL MUSETTE | Song | Behandlingsavd | 25 |
| 41 | 19.9 | Os Durspelsamskipnad | musikk | Kantina | 50 |
| 42 | 18. 9 | Os røde kors kulturarrangement | Song Marian Guddal | Gamleheimshagen | 20 |
| 43 | 28.10 | Tupper med Tuba | Cabaret, musikkteater | Luranetunet | 55 |
| 44 | 7.11 | Trommelars | Tromming i grupper rytme, | Gamleheimshagen Dagsenter | 20 |
| 45 | 7.11 | Trommelars | Tromming i grupper rytme, | Heimebuande, OS frivilligentral | 18 |
| 46 | 14.12 | Forde moltemyr | Slagermusikk | Luranetunet, Beha.avd | 30 |
| 47 | 8.12 | FONOS | Korsong | Luranetunet kantina | 70 |
| 48 | juni | Kulturbuss Fjell Festning | Os senioruniversitet | Eldre heimebuande | 50 |
| 49 | juni | Tur til Håheim Gard Tysnes | Os Pensjonistforening | Eldre heimebuande | 47 |
| 50 | mai | Frank Aarebrot: Grunnlova 200 år | SeniorKoinonia | Eldre heimebuande | 80 |
| 51 | nov | Foredrag naturfotograf Helge Haukeland | Os pensjonistforening | Eldre heimebuande | 40 |
| | | Samla 50 ulike hendingar/arrangement Merk: stipulert publikumstal i raudt. | | | 1997 |